



PROGRAM

LAURDAG 20. JUNI

Kl. 13.00: Tur*
 Kl. 13.00: Kinnaspelet
 Kl. 14.30: Omvising i kyrkja
 Kl. 15.15: Konsert
 Kl. 16.00: Tur*
 Kl. 16.30: Kinnaspelet
 Kl. 18.00: Kveldsbøn

(*turar/aktivitetar, sjå i brosjyren)

SØNDAG 21. JUNI

Kl. 11.00: Gudsteneste
 Kl. 13.00: Tur/aktivitetar*
 Kl. 13.00: Kinnaspelet
 Kl. 14.30: Omvising i kyrkja
 Kl. 15.15: Konsert
 Kl. 16.00: Tur*
 Kl. 16.30: Kinnaspelet
 Kl. 18.00: Kveldsbøn

KINNASPELET BLIR FRAMFØRT AV SOGN OG FJORDANE TEATER, MUSIKARAR OG 170 LOKALE AKTØRAR

Tekst: Rolf Losnegård
 Musikk: Per Janke Jørgensen
 Regi: Miriam Prestøy Lie
 Koreografi: Kristin Rygh Helgebostad




SKODESPELARAR I HOVUDROLLENE:

Idun Losnegård – Magrethe prestefrille
 Kyrre Eikås Ottersen – Presten
 Randolph Walderhaug – Futen
 m/fleire (sjå heimesida)



BILLETAR

Kan du lettast kjøpe på www.kinnaspelet.no Sjå meir om billett-kjøp der. Det blir òg selt billett på kaia i Florø ved båtavgang, men vi tilrår førehandskjøp via nettsida. Møt fram i god tid, gjerne to timar før framsyninga. Dei som reiser til Kinn på eiga hand, kan få kjøpt billett der. Det er best plass og redusert pris på framsyningane kl. 16.30. (Avreise etter kl. 13.00.) **Sjekk heimesida vår for oppdateringar heilt fram til premieren!**



PRISAR

	Teater og båt	Teater	Båt
Vaksne	475/400	275/200	200
Honnør	400	200	200
Barn (0–16)	200	0	200
Grupper (minimum 10 pers.)	400	200	200

(Raude prisar er til 2. framsyning)

Familietur laurdag og aktivitetar for barn søndag

Pris ved avreise frå og med kl. 13.00
 Familie med ein vaksen og eigne barn, kr. 400
 Familie med to vaksne og eigne barn, kr. 800

BÅT FRÅ BERGEN

Det blir sett opp båt frå Bergen til første framsyning laurdag. Avreise Strandkai terminalen kl. 08.00. Stopp: Knarvik, Vardetangen og Sollibotn. Pris båt/teater kr. 1.200. Barn halv pris. Kjøp av billett: www.kinnaspelet.no

Sjå heimesida for nærmare opplysningar.



WWW.KINNASPELET.NO
 E-post: kinnaspelet@gmail.com
 Post: Kinnaspelet, Pb504,
 6903 Florø
 Tlf.: 57 75 25 30 / 918 86 264

Støtta av:
 Norsk Teaterråd
 og Spelefondet




HOVEDSPONSORAR



– Et fokusert logistikkelskap



SPONSORAR



FOTOGRAFAR: ARNE OG HÅVARD STUBHAUG, ROGER BAREKSTEN, EIVIND NORDVIK HAUGE, ODDVAR ISENE
 GRAFISK PRODUKSJON: E. NATVIK PRENTEVERK AS, FLORØ

KINNASPELET

SONGEN VED DET STORE DJUP 20.-21. JUNI 2015





Kyrkjens nøkkelen er eit viktig symbol i spelet.

VELKOMEN TIL KINN OG KINNASPELET!

Først ei båtreise gjennom vakker skjergard, så til fots på smal bygdeveg mellom bergknauser og grønne bakkar. Framme ved Kinnakyrkja og spellassen opnar det seg ein scenografi med blått hav og høg himmel. Kinnaklova og den gamle kyrkja frå 1100-talet, ramar inn landskapet som spelar med i «Songen ved det store djup», og fortel ei meir enn 1000 år gamal dramatisk historie. Det er også ei historie om tidleg kontakt over havet til Irland og øyane i vest. Dette er teateret ved havet, så langt vest du kan kome i Norge – det er ei oppleving du sjeldan finn maken til.

DET HANDLAR OM

ein dag i 1537, då danskekongens fut kjem til Kinn og gjer kjent at pavekyrkja si tid er forbi. Norge er gjort til eit lydrike under Danmark. Alt kyrkjegods skal no vere kongens eige, og ein ny, luthersk, prest må settast inn. Bygdefolket slår spontant ring om presten sin og kyrkja. Gjennom eit «spel» i spelet, om den irske, kristne prinsessa Sunniva, blir vi vitne til at ho rømmer frå heidenske vikingar og vikingkongen Ramn som vil ta henne til dronning. Med sitt følge legg ho ut på havet i båtar utan segl, ror og årar, og let vind og havstraumar råde. Ho driv i land på Selja, og blir Sankta Sunniva, helgen for Vestlandet. Ei anna prinsesse i følget, søstera hennar Borni, driv i land på Kinn, og skal etter legenda vere ho som fekk bygd Kinnakyrkja.

MEIR ENN TEATER

«Dra til Kinn og blir rik» var eit ordtak mellom folk under dei store, rike sildeåra rundt 1860. I dag kan du dra til Kinn og bli rik på oppleving. I tillegg til teaterstykket «Songen ved det store djup», kan du gå turar i storslått, vakker natur, få omvisning i den unike gamle kyrkja og høyre konsert der – eller sjå innom ei kunstutstilling. Men berre å kose seg og treffe folk, er og ein viktig del av opplevingar på Kinn. I to kioskar kan du få kjøpe mat og drikke.



DEN VAKRE MIDDELALDERKYRKJA

er ei av dei eldste i Norge, og eit kulturminne av internasjonalt format. Kyrkja har ein viktig funksjon som del av scenebildet, og kyrkja si gåtefulle historie er ein del av bakgrunnen til spelet. Mellom framsyningane begge dagar kan du vere med på konsert og omvisning, og etter siste framsyning er det kveldsbøn. Søndag kan du delta på gudsteneste før første framsyning. Les meir om kyrkja på www.kinnaspelet.no

TURAR PÅ KINN

Begge dagar er det **historisk vandring** med guide rundt øya. Turen går gjennom storslått natur i lett terreng, og eit gamalt kulturlandskap med spor etter menneske langt attende. Du får vite om lokal historie, geografi, myter og legender, m.m. Pausar

er lagt inn, så ta gjerne med mat og drikke. Hugs godt fottøy. Turen startar ved kaia på Kinn kl. 13.00, og er framme ved kyrkja etter ca. 2 timar, i god tid før 2. framsyning. Kl. 16.00 går det ny historisk vandring motsett veg tilbake til kaia, med start ved det raude huset, ved kyrkja. Den historiske vandringa er gratis. Denne turen kan du også gå på eiga hand. Det er skilta ei løype med informasjonstavler og QR-kodar der du finn informasjon om dei kulturminna du kan sjå undervegs.

Til **Kinnafjellet**, den høgste toppen på øya, kan du gå på eiga hand. Ta av frå grusvegen ved første huset du kjem til på veg mot kyrkja. Eit skilt på venstre side viser kvar du går opp. Stien er merka opp til toppen. Ca. 1 time i bratt, men ikkje vanskeleg terreng, til den 315 m høge toppen. Her får du ei fantastisk utsikt over hav og kystlandskap i Sunnfjord.

Også **Kinnaklova** er eit flott turmål du kan nå på eiga hand. Dit følgjer du stien vestover frå kyrkja og finn lett stien opp mot klova. Går du gjennom klova, ned og rundt på vestsida, finn du hellarar og holer med restar frå tidleg busetnad. Du må rekne opp mot to timar på rundturen, om du skal ha tid å oppleve dette unike og spennande landskapet.

FAMILIEAKTIVITETAR

På laurdag er det lagt til rette for ein **familietur rundt Kinn**, i samarbeid med Barnas Turlag. Turen startar med avreise frå Florø kl. 13.00. Med turleiar frå kaia på Kinn går ein på sørsida av øya, og har god tid til å oppleve stort og smått rundt seg. Det blir bålkos i fjæra på vestsida av øya, før ein endar opp ved kyrkja i god tid før andre framsyning. Eigen familiepris for båt og teater til 2. framsyning. Sjå **prisar**.

På søndag er det lagt til rette for **vikingleikar** der ein m.a. får prøve bogeskyting, økseasting, male korn på kvernstein og lage vikingbrød. Avreise frå Florø kl. 13.00. Også dette kombinert med eigen familiepris for båt og teater til 2. framsyning. Sjå **prisar**.

